

Preike påskedag 17.april 2022  
Oslo domkirke; Joh 20,1-10

Kjære venner,

gledeleg påske! Vi er mange her som har glede oss til å kunne feire påske sammen igjen – side om side i her i domkyrkjerommet. Sett fram til at trompet, horn og trombone set an tonen og Nordstoga trør til frå orgelet.

Eg er ikkje aleine om å oppdage, gong på gong,  
at eg aldri trur så fullt og fast  
som når eg syng påskesalmar:

«Ljos over grav som oss livsvoni gav».  
For det dreier seg altså om livsvon - eller livshåp.

For mange av oss er det å synge og feire ei oppdaging av at håpet og livsmot kan smitte. Ei god smitte!

Jesus er ikkje i grava lenger. Han har gått ut av den mørke gravhola. Det er tomt inni der.

...

Påskedagsforteljinga er ei forteljing for motlause og for dei av oss som kjenner på og har erfart mørkret.

Ja, eg trur at påskeforteljinga dette året særleg har noko å seie for dei av oss  
- som kjenner på mattheita fordi det er så overveldende no  
- som tynges ned av sjølve livet  
- som erfarer at det så skjørt, hinna mellom å vere i håpløyse og motløyse og å vippe over til livsmot og håp, - denne hinna er sprekkferdig og tynn

Korleis gå inn påska og synge – «Påskemorgen slukker sorgen!» - for dei av oss som berre glimtvis orkar å ta inn nyheitene om mennesker på flukt, borna sine auge som borar seg gjennom fjernsynsskjermen, er TOMME, utan håp ser det ut som.

Mange av oss kjøper ikkje dei lettvindeorda lenger:  
«Alt går nok bra til slutt». «Det løyser nok, skal du sjå».

Vi må nok gå inn i mørket saman. Vi møtes der, i mørkre. Evangeliet på påskedag handlar også om å famle seg fram saman i mørkre.

I natt var det stummande mørkt her inne. Då midnattsmessa starta såg kyrkjelyden ingen ting framføre seg.

Så blei eitt og eitt lys tent frå påskelyset.

Langsamt blei det lysare her inne, og vi fekk høyre dei klassiske påskennattforteljingane frå Bibelen. Vi høyrde om israelsfolket som redda seg unna slaveriet i Egypt.

Etterklangen frå denne hendinga høyte vi i den første lesing, no nettopp. Då song Moses ein song og Arons søster Mirjam slo på trommer: «Jeg vil synge for Gud, hest og rytter kastet han i havet!» Eit av dei orda Moses brukar om Gud, trur eg ikkje vi kan bruke lenger:  
«Gud er en krigar».

«Herren er mi kraft og min styrke, han blitt min frelse.» Ja og amen!

Men at Gud er ein krigar, kling ikkje godt, no når vi tydeleg ser kva krig fører med seg. Gud vil ikkje krig. «Gott mit uns», «Gud med oss» er eit slagord med ei lang historie blant krigarar og keisarar. Krigar - aldri skal dei velsignast av kyrkja!

...

La oss heller gjere det til Moses og Deboras og folket gjorde: Dei sang lovsongar og feira utferda frå slaveriet.

Det var lyden av dei undertryktes lovsongar, songar frå kvinner, menn og born som har blitt tråkka på, det var *motstandsmusikk*.

Afroamerikanarar kjente seg igjen i forteljinga og sang: «When Israel was in Egypt's land: Let my people go». Det var ein kampsang under borgerrettighetskampen i USA, ein ikkje-voldeleg kamp leia av Martin Luther King jr. Seinare har svarte i Sør-Afrika og palestininarar i dei okkuperte områda også kjent seg igjen i desse exodusforteljingane.

....

Vi starta i mørkret. Mørkret på langfredag, då Jesus døydde:

Guds son hengt opp til skam og spott og spe på ein kross.

Det såg ut som den hensynslause makta hadda sigra og vist sin styrke, nok ein gong.

Den andre lesinga, frå Kolossarbrevet, peikar på at nettopp dette kolsvarde mørket gjer det mogleg å sjå klart, også kven desse makthavarane, dei som foraktar svakheit og sårbarheit, verkeleg er:

Jesus på krossen viser fram makta i all sin elendigkeit:

Høyr berre: Jesus «kledde maktene og åndskreftene nakne og viste dei fram til spott og spe då han synte seg som sigerherre over dei på krossen.»

Ein sårbar gud, svak gud, forsvarslaus, avkledd.

Ligg det ei kraft i det sårbare?

Er det eit håp her.

I dag, påskemorgon i grålysinga, stirrar Maria frå Magdala inn ei tom, mørk grav.

Ho som kyrkjefader Augustin kalla apostlanes apostel, melder frå til disiplane og dei kjem springande. Dei famlar og snublar og leiter seg fram og finn at sanneleg - senga er rydda, lakenet samanrulla.

Grava er tom.

Det var starten på trua på at Jesus hadde stått opp frå dei døde. Den andre læresveinen, han Jesus hadde kjær, «han såg og trudde», høyrde vi.

Eg blir av og til spurt om det er fornuftig å tru at Jesus har stått opp. Ingen kan vel heilt bevise at Jesus stod opp frå dei døde, men eg trur på vitnemålet frå kvinnene ved grava.

For meg er trua på oppstoda, om ikkje fornuftig og bevisbar, så nødvendig. Livsnødvendig, ja, nødvendig for håp og livsmot og for å kunne ta dei små skritta, saman,- i mørket mot lyset.

Maria frå Magdala gjenkjente den oppstandne Jesus.

Det er den *same* Jesus som stod opp,  
Han som åt med utstøtte, løfta fram borna, priste dei fattige salige,  
kledde makta naken og utfordra dei rike.

Jesus lever! Frå ein eller annan stad, utanfor meg sjølv  
kjem Kristus imot meg. Ofte her, i kyrkjerommet.

Når brødet brytes, i trøyst og styrkeord: Vi kan ta til oss alle orda Jesus sa, som ord retta til oss: «Vær ikkje redde», «fred vere med deg»! Salige er de som kjempar for rettferd, salige er dei som skapar fred!.

Men også utafor kyrkjedørene, i det alminnelege livet.

Plutseleg kjem det, utafrå, og vi kan feire.

Feiring. *Celebration* er eit viktig ord for all gudsteneste og forkynning i afro-amerikanske kyrkjer. Erkebiskop Desmond Tutu som døydde ved inngangen til dette nye året, stod her på prekestolen og såg utover rommet. Eg sat der nede: «You are so sad» sa han. Så gjorde han sånn. U

Tutu viste oss at sann forsoning, krev sanning, at vi snakkar sant om overgrep og liding. Det var det som var poenget med sannings-og forsoningskommisjonen han leia, og som vi stadig let oss inspirere av også i arbeidet med å bearbeide skuggesider av vår eigen historie.

Men Tutu viste også at forsoning dreier seg om smil og latter og felles feiring.

Vi kan ikkje tvinge kroppen til å håpe, like lite som vi kan tvinge fram sann latter og glede.  
Men plutseleg kan håpet og gleda smitte oss, frå noko utafor oss sjølve.

Utfordringa i dag er å halde fram med å *leite* etter håpet,  
kanskje i dei små tinga, her, i salmar og musikk, tekstar og bøner.  
I akantusrankene på prekestolen som vi kan kjenne igjen som små blomster ute.  
I sola som varmar, blomar som pressar seg fram av jorda,  
I glede av å vere saman og å dele klemmar og påskemåltid igjen.  
I feiringa av dei små skritta som vi tar.

For vi må øve oss: Psykologen Hedvig Montgomery har sagt noko klokt: Frykt bygges opp fort, håp langsomt.

Og i bispegården nyleg, på ei grønn *inspirasjonssamling* sa ei anna klok kvinne, leiaren i Natur og ungdom, Gina Gylver at i alt det overveldande i kampen for å minske klima- og naturkrisa ho har begynt å *feire* dei små sigrane.

–Å ta det steg for steg, stykke opp arbeidet. Då blir det noko handgripeleg å ta tak i. Og vi kan feire og kjenne håpet i kroppen.

Ei handling, eit møte, at du var der for meg då. Håp.

Det er å ikkje berre snakke *om håp*, men å snakke og handle *i håp*.

Håp for at vi skal orke.

La oss gå Jesus til møtes,  
ta opp kampen, mot vår eigen og andres motlausheit,  
og mot alt det som trugar livet.

I midten av taket her, i kirkas kryss, strålar ei veldig sol med innskrifta

*Gloria in excelsis Deo - Å* Ere være Gud i det høyeste.

Lyset strøymer ut over heile taket og ned til biletta i de fire hjørnene.

Og ned til oss.

Til ære for Faderen og Sønnen og Den hellige ånd: Vår skapar, frigjerar og livgivar

Ein sann Gud fra evighet og til evighet

Amen